

# Tilbod til Bergens Skipperforening!

**Velkommen til «Come back, Liza», ei intim og musikalsk framsyning i kulturbaren Skifte (tidlegare Logen Bar). Med Lasse Kolsrud som den pensjonerte sjømannen og trubaduren Lauritz Moe og musikalr Espen Leite som hans musikalske sidekick; Hermansen**

Bergens Skipperforening kan kjøpe billetter til kr. 200 (ord. pris kr. 300).

Billettane kan du bestille på e-post: [publikum@detvestnorsketeteret.no](mailto:publikum@detvestnorsketeteret.no) (referanse Skipper)  
Speleperiode: 27. oktober – 8. november. Måndag – fredag kl. 19.00 og laurdag kl. 18.00



## Come back, Liza

Av Terje Nordby

Om framsyninga:

Duoen Hermansen og Moe skal halde ein av sine mange avskilskonsertar. Denne kvelden tar det heile ei ny og uventa retning. Lauritz Moe skal introdusere den gamle Harry Belafonte-slageren «Come back, Liza». Men i dag er han ikkje berre forlaten av kjærasten, han har nettopp fått vite at liket av faren er identifisert i Aust-Afrika. Det er vanskeleg å samle seg om det han skal seie, og digresjonane pressar seg fram. Medan tankane flyg, tar han oss med på ei reise til eit landskap der myte og verkelegheit flyt saman. Kjernetemaet er ein manns sagn etter ein far. Å vere sjømann er å vere menneske, berre litt tydelegare.

I midten av 1970-åra hadde også nesten ein tredjedel av alle yrkesaktive norske menn arbeid til sjøs i kortare eller lengre periodar. Skodespelar Lasse Kolsrud var ein av dei. Hans erfaringar med hundevakt, rustpikking, billeg brennevin til jul, og ikkje minst forholdet til faren som var sjømann heile sitt liv, er eitt av utgangspunkta for forteljinga om den tidlegare sjømannen Lauritz Moe. Framsyninga blei til i samarbeid med Terje Nordby og hadde premiere i 1997. Når dei no tek framsyninga opp igjen vil dei finne ut korleis Lauritz Moe har det i dag, 20 år etter.

På scenen har Kolsrud med seg Espen Leite på trekkspel, og historiene frå Lauritz Moes liv blir ledsaga av ei rekke gamle slagarar frå ulike sjangrar.

*Come back, Liza* er eit gjestespel frå Det Norske Teatret

DET  
VESTNORSKE  
TEATERET

